

# DNMI - RAPPORT

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT  
POSTBOKS 43 BLINDERN 0313 OSLO 3  
TELEFON : (02) 60 50 90

ISBN

RAPPORT NR.

27/88 KLIMA

DATO

31.12.1988

TITTEL

ULLA/FØRRE-REGULERINGA

FELTFORSØK VED BLÅSJØEN.

UTARBEIDET AV

PER ØYVIND NORDLI

OPPDRAKGIVER

STATKRAFT

OPPDRAAGSNR.

SAMMENDRAG

Feltforsøket vart gjort ved Sanddokki i tida frå 15.-18.september 1988.

Det var same vertypen under heile forsøket. Det var alltid pålands-vind sjeldan under 4 Beaufort og det var nesten alltid skydekke større enn 4/8. Temperaturen i vassflata på Blåsjøen var frå 4° til 0,5° høgre enn i lufta.

Vi fann at verknaden av Blåsjøen minka i laupet av dei første 30 m frå stranda med 0,1° for kvar grad overtemperatur i vassflata. Vidare minka innverknaden med 0,06° dei neste 250 m.

Mælepunkt med ein viss terregnskjerming mot sjøen såg ut til å ha om lag same verknaden av sjøen som fritt eksponerte mælepunkt.

UNDERSKRIFT

.....Per Øyvind Nordli.....

Per Øyvind Nordli  
SAKSBEHANDLER

.....Bjørn Aune.....

Bjørn Aune  
FAGSJEF

I N N H A L D


<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1 VILKÅR FOR FELTFØRSØK VED SANDDOKKI	1
1.1 Innleiing	1
1.2 Tidlegare arbeid	2
1.3 Målet med feltforsøket	2
1.4 Mæleutstyret	3
1.5 Stasjonsplasseringa	3
2 TOLKING AV RESULTATA	5
3 LITTERATUR	9
4 VEDLEGG, OBSERVASJONSMATERIALET	10

## 1 VILKÅR FOR FELTFØRSØK VED SANDDOKKI

### 1.1 Innleiing

Sidan 1975 har DNMI hatt meteorologiske mælingar ved det nåverande Blåsjømagasinet, Ulla/Førre-reguleringsane. Magasinet ligg i heiane mellom Suldal og Setesdal.

Stasjonane som er i drift ligg i kvar sin ende av magasinet, d.e. 4048 Sanddokki og 4808 Høgaloft, sjå figur 1. I 1988 vart det gjort ekstra temperaturmælingar ved Sanddokki. Desse mælingane starta om eftanen den 15. september og vart avslutta ved høgst dag den 18. september. Denne rapporten vil handle om desse mælingane.



*Figur 1 Blåsjømagasinet ved høgste regulerte vasstand.  
Vassarealet før reguleringsa er skravert.*

## 1.2 Tidlegare arbeid

Verknaden av reguleringa av Blåsjømagasinet har vore granska tidlegare, (Nordli, 1987). Datagrunnlaget i granskninga skreiv seg både frå regulerte og uregulerte tilhøve, men ingen data fanst til da for høgre vasstand i magasinet enn kote 1035 m, som er 20 m under høgste regulerte vasstand (HRV).

Under dei nemnde vilkåra fann ein statistisk sikre resultat for desse tilfella:

- 1) I stabile versituasjonar om hausten og vintren før isen la seg på Blåsjøen vart det  $1-2^{\circ}$  mildare etter reguleringa.
- 2) I versituasjonar med lite skyer vart det om dagen om sommaren om lag  $1^{\circ}$  kaldare etter reguleringa.

Tala ovafor refererer seg til målestasjonane Høgaloft og Sanddokki nær HRV.

## 1.3 Målet med feltforsøket

Konklusjonane ovafor er som nemnt basert på faste målepunkt på kvar side av sjøen. Ein kan såleis stille seg spørsmålet: Kor representative er desse målepunkta for andre område nær sjøen? Meir presist vil vi formulere målet med forsøket slik:

- 1) Finne temperaturgradienten frå stranda og innover land i 2 m høgd over bakken.
- 2) Granske om avskjerming av vind frå sjøen på grunn av terrenget har noko å seia for klimapåverknaden frå sjøen.

#### 1.4 Mæleutstyret

Utstyret vart levert av Aanderaa Instrumnets.

Instrument	Fabrikknamn	Type
Registreringseining	Display unit	3012S
Lagringseining	Data storing unit	2990
Temperaturfølar	Temperature sensor	3145

Desse instrumneta vart bygde inn i eit skap av DNMI slik at dei lett let seg frakte og klargjera i felten.

Alle fire instrumenta gav data under forsøket, men dei var ikkje utan lyte:


- 1) Batteria var orginale, levert til instrumenta av Aanderaa Instruments, og skulle etter spesifikasjonen vara i minst 200 timer. Men eitt av batteria heldt berre i 46 timer og eit anna i 65 timer, medan dei to siste heldt forsøkstida ut. Forsøket gjekk over 69 timer.
- 2) To av instrumenta hadde ureglementerte registreringar under forsøket. I dette tilfelle med eit så tett nett av observasjonar, skapte det likevel ikkje noko problem for tidsbestemminga.

Det blir altså naudsynt å forsyne instrumenta med betre batteri ved tilsvarende feltforsøk i framtida.

#### 1.5 Stasjonsplasseringa

Dei fire mælepunkta for temperatur fekk nemningane  $T_0$ ,  $T_1$ ,  $T_2$  og  $T_3$ . Plasseringa deira i terenget er vist på figur 2.

$T_0$  Av alle mælepunkta er det dette som stod nærrast Blåsjøen. Avstanden til sjøen var berre 5 m og høgda over sjøen ved foten av stativet var 1 m, slik at temperaturfølaren stod 3 m over sjøoverflata. Eksponeringa til sjøen var fri.



Figur 2 Kartskisse av områda ved Sanddokki

$T_1$  Plasseringa var den same som det ordinære mælepunktet  $T_1$  på stasjonen 4048 Sanddokki. Det vil seia at høgda var 1060 m o.h. dermed vart høgda over Blåsjøen 10 m. Avstanden til sjøen var om lag 30 m. Eksponeringa til sjøen var fri liksom for mælepunktet  $T_0$ .

$T_2$  Mælepunktet vart sett opp 300 m austafor mælepunktet  $T_1$ , men i same høgd over sjøen. Mellom dei to mælepunktene var det også ein liten fjellrygg slik at staden var meir skjerma med omsyn til vind frå sjøen enn  $T_1$ .

$T_3$  Mælpunktet låg lenger frå sjøen enn dei andre, sjå figur 2. Skjerminga var som for  $T_2$ . Høgda over Blåsjøen var om lag 35 m.

## 2 TOLKING AV RESULTATA

Observasjonane er gjevne i kapittel 3. Som ein vil sjå var det liten variasjon i været under forsøket. Det var alltid pålandsvind og styrken var sjeldan under 4 Beaufort. Skydekket var større enn halvskya med unntak av efanen den 16. september.

Under heile forsøket var vasstemperaturen i overflata av Blåsjøen høgre enn lufttemperaturen. Differensen varierte frå om lag  $4^{\circ}$  til om lag  $0,5^{\circ}$ .

Alle stasjonane i det mobile nettet midlar temperaturen over ein time og lagrar timemedia. Midlinga starta kvar halve klokkeitime, 0.30, 01.30, 02.30 o.s.v. Det ordinære stasjonenettet opererer med augneblinksverdiar, 1.00, 2.00, 3.00 o.s.v., dvs. sentralverdien i timemedia.

I tabell 1 er gjeve korrelasjonen mellom dei ulike mælepunkta under forsøket i den øvre delen av matrisen. I den nedre delen følgjer talet på samanhøyrande observasjonspar for dei ulike mælepunkta. Datastoppen i  $T_3$ , som vi allereie har nemnt, er årsaken til at talet på observasjonar er lågare i alle par der  $T_3$  er eitt av elementa. Ved starten av forsøket var det dverre brot i kabelen til temperaturfølaren på den ordinære stasjonen 4048 Sanddokki. Det tok ei viss tid før feilen vart funnen og utbetra. Difor er talet på observasjonar også redusert i alle par der  $T_H$  er med.

Tabell 1 Korrelasjonsmatrise.

	$T_0$	$T_1$	$T_2$	$T_3$	$T_H$
$T_0$	•	0,986	0,944	0,939	0,969
$T_1$	64	•	0,958	0,958	0,981
$T_2$	64	64	•	0,993	0,936
$T_3$	46	46	46	•	0,931
$T_H$	46	46	46	28	•

Vi ser at eksponeringa mot sjøen spelar ei viktig rolle for korrelasjonen mellom stasjonane. Mælepunkta  $T_2$  og  $T_3$  kan vi rekne for skjerma medan dei andre mælepunkta er fritt eksponerte mot Blåsjøen. Vi legg såleis merke til at korrelasjonen mellom  $T_2$  og  $T_H$  er 0,936 medan korrelasjonen mellom  $T_0$  og  $T_H$  er 0,981. Er den eine stasjonen skjerma og den andre fritt eksponert, blir altså korrelasjonen lågare enn om dei både var fritt eksponerte. Og er både skjerma, slik som  $T_2$  og  $T_3$ , er også korrelasjonen høg, her 0,993.

At dei spesielle effektane i strandsona også spelar ei rolle for korrelasjonen mellom stasjonane, kan ein sjå ved å jamføre stasjonspara ( $T_0, T_H$ ) og ( $T_1, T_H$ ). Avstanden mellom  $T_1$  og  $T_H$  er 250-300 m, korrelasjonskoeffisienten er 0,981. Jamfører vi med  $T_0$  som også er fritt eksponert like i strandkanten og berre 30 m lenger borte, fell korrelasjonen med  $T_H$  til 0,969.

For det stasjonsnnettet som vart sett opp ved Sanddokki, viser korrelasjonsmatrisen at eksponeringa er viktigare for korrelasjonen stasjonane i mellom enn avstanden til sjøen.

Dataene vart også analyserte ved bruk av regresjonslikningar. Som fri variabel vart nytta differensen mellom vasstemperatur og lufttemperatur,  $\delta$ . Eller meir presis:

$$\delta = T_w - (T_0 + T_1 + T_2)/3$$

der  $T_w$  = vasstemperaturen i overflata av Blåsjøen.

Som avhengig variabel vart nytta differensen mellom dei ulike stasjonane. Resultata er gjevne i tabell 2.

Tabell 2 Regresjonslikningar


Nr	Avhengig variabel	Fri variabel	Konstantledd	Regresjonskoeffisient
1	$T_1 - T_2$	$= 0,00 \cdot \delta$	$+ 0,34$	0,28
2	$T_0 - T_2$	$= 0,11 \cdot \delta$	$- 0,03$	0,01
3	$T_0 - T_3$	$= 0,06 \cdot \delta$	$+ 0,04$	0,18
4	$T_0 - T_1$	$= 0,10 \cdot \delta$	$- 0,37$	0,52
5	$T_0 - T_H$	$= 0,17 \cdot \delta$	$+ 0,14$	0,54
6	$T_1 - T_H$	$= 0,06 \cdot \delta$	$+ 0,53$	0,26

For å finne verknaden av Blåsjøen på lufttemperaturen på land, vil vi bruke resultata av regresjonsanalysen i tabell 2. Vi ser først på dei tre første regresjonslikningane i tabellen. Som avhengig variabel har dei alle differensen mellom ein fri stasjon og ein skjerma stasjon. Vi ser at alle regresjonskoeffisientane er svært låge. Differensen mellom vasstemperatur og lufttemperatur forklarar altså svært lite av variansen til den avhengige variable. Vi skal sjå på likningane kvar for seg:

Likning 1 har som avhengig variabel differensen mellom fritt og skjerma mælepunkt,  $T_1$  og  $T_2$ . Dei står like langt frå Blåsjøen. Vi ser at det ikkje finst samanheng mellom dei variable i likninga. Resultatet tyder på at skjerminga frå Blåsjøen av mælepunkt  $T_2$  ikkje er god nok til å redusere innverknaden frå Blåsjøen.

Likning 2 tyder på at det kan vera ein svak innverknad frå sjøen, men regresjonskoeffisienten er låg og det gjer resultatet tvilsamt.

Likningane 4 til 6 inneholder alle differensar mellom frie mælepunkt. I likning 4 er regresjonskoeffisienten vel 50 %. Resultata der tyder på at vasstemperaturen i Blåsjøen påverkar differensen mellom stasjonen  $T_0$  og stasjonen  $T_1$ . Det blir skapt ein strandsone-effekt på grunn av sjøen. Likning 4 seier altså at om til dømes temperaturdifferensen,  $\delta$ , aukar med  $1^{\circ}$  vil den gjennomsnittlege differensen mellom stasjon  $T_0$  og  $T_1$  auke med  $0,1^{\circ}$ . Resultatet er også i samsvar med det som vart funne i likning 2.



Figur 3. Verknaden av Blåsjøen på lufttemperaturen over land som funksjon av avstanden frå stranda i 2 m høgd over marka under ein gitt versituasjon ( $f \geq 4B$ , pålandsvind,  $N \geq 4/8$ ). Parameteren,  $\delta$ , er differensen mellom temperatur i vassoverflata og i lufta. Kurvene er teikna på grunnlag av 3 punkt, i avstanden 1 m, 30 m og 270 m frå stranda.

Likning 5 inneheld differensen mellom  $T_0$  og  $T_H$ . Regresjonskoeffisienten er også her vel 50 %. Koeffisienten framfor  $\delta$  er nå 0,17 mot 0,10 i likning 4. Dette inneber at verknaden av Blåsjøen minkar meir dei første 30 m frå stranda til  $T_1$  enn dei neste 250-300 m frå  $T_1$  til  $T_H$ . Vi skal gje eit døme på dette: Dersom  $\delta=3^{\circ}$ , minkar verknaden av Blåsjøen med  $0,3^{\circ}$  frå målepunkt  $T_0$  til målepunkt  $T_1$ . Vidare minkar verknaden frå  $T_1$  til  $T_H$   $0,17*3 - 0,1*3 = 0,2$ . Det siste resultatet er også i samsvar med likning 6 ved innsetjing av  $\delta=3^{\circ}$ . På figur 3 er framstilt korleis vi antar at verknaden av sjøen minkar med avstanden frå stranda. Kurvene er teikna på grunnlag av punkta  $T_0$ ,  $T_1$  og  $T_H$ .

Regresjonskoeffisientane ovafor var til dels svært låge og det kan reisast tvil om resultata er sikre ut frå ei statistisk vurdering. Vi vil difor bruke ein annan metode med innlagt signifikanstest som kontroll, d.e. differanse-metoden. Han har vore nytta tidlegare for å finne verknaden av vassdragsutbygging, (Nordli, 1988). Vi vil ikkje gå inn på metoden her, berre vise til nemnde publikasjon.

Vi har gruppert observasjonane etter  $\delta$  i to grupper, sjå klamma under til venstre.

Gruppe 1	$\delta > 3^{\circ}$
Gruppe 2	$\delta < 2^{\circ}$

2	$T_0 - T_2$
4	$T_0 - T_1$
5	$T_0 - T_H$
6	$T_1 - T_H$

Vidare har vi teke medelet av temperaturdifferensen mellom stasjonane i gruppe 1 og gruppe 2, sjå ramma over til høgre der vi har nummerert differensane i samsvar med tabell 2. Resultata av granskingane vart at alle skilnader i differensane mellom gruppe 1 og 2 var statistisk sikre ved signifikansnivået 0,95.

Vi har under forsøket funne regresjonslikningar som fortel om verknaden av reguleringa i ulik avstand frå stranda av Blåsjøen. Det må presiserast at likningane berre gjeld for den versituasjonen som var under forsøket, pålandsvind som jamt over var sterkare enn 3 Beaufort. Vinden gav sterkt turbulens og dermed lite stabil luft i grenselaget mot marka.

Til slutt vil vi også nemne at temperaturfølarane ikkje er kalibrerte anna enn frå fabrikken. Resultata her tyder på at somme av dei har avvik på nokre tidels gradar frå sann verdi. Temperaturen varierte lite under forsøket. Det betyr at korrekksjonen er svært nær ein konstand innafor bruksintervallet. Dermed vil ikkje kalibreringsfeilen bety noko for ledda som inneheld 8 i regresjonslikningane og heller ikkje for våre konklusjonar. Feilen gjer seg berre gjeldande i konstantleddet i likningane.

### 3 LITTERATUR

Nordli, Per Øyvind. 1987. Verknader på lokalklimaet ved oppdemming av Blåsjømagasinet. Rapport nr.1. DNMI 20/87 KLIMA.

Nordli, Per Øyvind. 1988. Verknader på lokalklimaet ved regulering av Ulla. DNMI 26/88 KLIMA.

#### 4 VEDLEGG, OBSERVASJONSMATERIALET

Nedafor følgjer observasjonsmaterialet fra feltforsøket ved Sanddokki. Forsøket gjekk fra den 15. til 18. september 1988.

Forklaring til tabellen nedafor:

- T Temperatur. Indeksane fra 0 til 1 står for det mobile nettet av stasjonar som vart sette opp under forsøket. Indeks H står for hovudstasjonen på den ordinære stasjonen 4048 Sanddokki og indeks w markerer at temperaturen gjeld vassoverflata i Blåsjøen nær stranda ved Sanddokki.
- N Skydekke. Det vart observert manuelt under forsøket.
- F Vindstyrken i Beaufort. Manuelle observasjonar.
- D Vindretning i gradar, instrumentobservasjon ved stasjonen 4048 Sanddokki.
- R Nedbør. Når rubrikken er markert ●, tyder det at det regna ved observasjonen. Markering med x, tyder at det ikkje vart observert. Står det ingen ting i rubrikken, tyder det oppholdsver.

Kl.	T <sub>0</sub>	T <sub>1</sub>	T <sub>2</sub>	T <sub>3</sub>	T <sub>H</sub>	T <sub>w</sub>	N	F	D	R
16	7.2	7.6							290	
17	6.4	6.6	6.5	6.4			7		296	
15.	18	6.3	6.5	6.3	6.2		9		300	
s	19	6.1	6.2	6.0	5.9		9	6	294	
e	20	6.3	6.4	6.1	5.9		8		298	●
p.	21	6.5	6.6	6.3	6.2		8		291	●
	22	6.6	6.8	6.5	6.4				301	x
	23	6.7	6.8	6.6	6.4				305	x

K1.	T <sub>0</sub>	T <sub>1</sub>	T <sub>2</sub>	T <sub>3</sub>	T <sub>H</sub>	T <sub>w</sub>	N	F	D	R	
16.	00	6.7	6.8	6.6	6.4				307	x	
	01	6.6	6.7	6.4	6.2				299	x	
	02	6.3	6.3	5.9	5.8		6	2	298		
	03	5.8	5.9	5.4	5.4				309	x	
	04	5.3	5.3	5.0	4.8				300	x	
	s 05	5.0	5.0	4.6	4.5				308	x	
	e 06	4.8	4.7	4.5	4.3		4	4	298		
	p 07	4.9	4.8	4.4	4.4				302	x	
	t 08	4.7	4.8	4.5	4.4		7	4	293		
	e 09	4.7	5.0	4.7	4.6		6	4	295		
	m 10	5.1	5.3	4.8	4.9				297		
	b 11	5.3	5.6	5.6	5.8	5.0	5	3	292		
	e 12	5.5	5.9	5.5	5.7	5.5	4	3	360		
	r 13	6.1	6.5	6.3	6.6	6.1	3	3	287		
	14	6.7	7.1	6.6	6.9	6.5		2	3	297	
	15	7.3	7.7	7.5	7.5	7.2		2	3	314	
	16	7.8	8.1	7.8	7.7	7.3	8.3	3	4	301	
	17	7.1	7.4	6.9	6.8	7.1		3	4	304	
	18	6.6	6.7	6.5	6.4	6.3		1	5	305	
	19	6.0	6.0	5.6	5.6	5.7		2	4	288	
	20	5.3	5.3	5.0	4.9	4.8		5	4	297	
	21	4.9	4.9	4.5	4.5	4.3		1	3	296	
	22	4.1	4.2	4.3	4.1	3.8		4	3	298	
	23	4.5	4.6	3.5	3.4	3.6			312	x	
17.	00	4.0	4.0	4.3	4.2	3.2			291	x	
	01	4.8	4.8	4.4	4.3	3.6			313	x	
	02	4.7	4.9	4.4	4.3	4.1			305	x	
	03	4.6	4.8	4.5	4.5	4.1	8		303	●	
	04	5.0	5.0	5.4	5.3	4.1			301	x	
	s 05	5.5	5.6	5.5	5.5	4.8			292	x	
	e 06	6.0	5.9	5.6	5.5	5.4	8	6	291	●	
	p 07	5.9	6.0	5.4	5.5	5.2	8	5	285	●	
	t 08	5.6	6.0	5.9	5.8	5.2	8	6	291	●	
	e 09	6.1	6.3	6.5	6.3	5.1	8	6	277	●	
	m 10	6.5	6.7	6.9	7.0	5.9	8	7	297	●	
	b 11	7.1	7.3	7.2	7.1	6.5	7.8	8	6	292	●
	e 12	7.3	7.5	6.9	6.9	6.8		8	7	293	●
	r 13	7.0	7.2	6.3	6.3	6.9		8	7	289	●
	14	6.5	6.6	6.3	6.2	6.2		8	7	291	●
	15	6.5	6.5	6.6		6.1		8	8	297	●
	16	6.7	7.0	6.4		6.0		7	7	295	●
	17	6.5	6.6	5.5		6.0		7	7	288	
	18	5.8	5.9	5.3		5.5		7	8	296	
	19	5.6	5.6	5.1	4.9	7.6	7	7	302		
	20	5.5	5.6	4.9	4.8		8	6	302		
	21	5.3	5.2	4.7	4.6		8	6	315		
	22	5.1	5.1	4.7	4.2		7	5	299		
	23	5.1	5.0	4.7	4.2				292	x	
18.	00	5.3	5.3	4.8		4.5			291	x	
	01	5.0	5.1	4.8		4.1			294	x	
	02	5.1	5.2	4.6		4.3	7	6	305		
	03	4.8	4.8	4.5		4.3			298	x	
	04	4.7	4.7	4.3		4.0			296	x	
	s 05	4.7	4.8	4.2		3.8	8	5	294		
	e 06	4.8	4.5	4.1		3.7	7	5	297		
	p 07	4.9	4.4	4.2		3.8	7	5	301		
	08	5.0	4.4	4.3		3.7	7	5	298		
	09		4.5	4.4		3.7	6	5	290		
	10	5.0	4.8		4.1	7.5	6	5	281		
	11	5.2	4.8		4.4		6	5	290		
	12	5.2	5.0		4.6		6	5	299		